



Legeattest til bruk ved søknad om skuleskyss

Elevars rett til gratis skuleskyss blir heimla i opplæringslova.

Søknader om skuleskyss blir behandla i tråd med det til kvar tid gjeldande lovverk og retningslinjer for skuleskyss, og i tråd med eventuelle endringar/presiseringar som måtte komma i løpet av skuleåret.

Vedtak om skuleskyss er enkeltvedtak jf. forvaltningslova.

Søkjær har klagetilgang på alle enkeltvedtak, og klagefrist er 3 veker frå vedtak blir kunngjord søker. Vedtak om skuleskyss gjeld for eitt skuleår av gongen, og det må søkjast på nytt kvart år.

Elevars rett til skuleskyss gjeld ein tilkjøring og ei heimkøring knytt til den ordinære start- og sluttida til skulen (ikkje til timeplanen til eleven). Retten til skuleskyss gjeld strekninga mellom heim og skule, eventuelt mellom skule og avlastingsbustad for elevar med slikt vedtak.

Skuleskyss skal fortrinnsvis organiserast med *offentleg kollektivtransport* (buss, båt eller tog). Der kollektivtilbod ikkje finst, kan fylkeskommunen tilby elev/føresette skyssgodtgjersle etter dei til kvar tid gjeldande satsane for at elev/føresette sjølv utfører skuleskyssen.

Elevar med legeattest skal nytta kollektivtilboden der det lèt seg gjera.

Annan type skuleskyss blir berre vurdert i dei tilfella der eleven av medisinske årsaker ikkje kan nytta kollektivtilboden. Unntaksvis og i særskilde tilfelle blir skuleskyss utført med taxi/maxitaxi (tilrettelagd skuleskyss). Det blir praktisert stor grad av samkøyring av fleire elevar i same køyretøy.

Dokumentasjon/saksopplysningar:

Fylkeskommunen pliktar å sjå til at søknader om skuleskyss er tilstrekkeleg opplyst før vedtak fattast (utgreiingsplikt). Vedtak kan ikkje fattast før fylkeskommunen reknar saka som tilstrekkeleg opplyst.

Standardisert legeattest blir beden vedlagt alle søknader om skuleskyss for varig funksjonshemma elevar og for elevar med mellombels skade/sjukdom. Legen kan, om ønskeleg, forma ut legeerklæringa i eige skriv, føresett at det blir teke stilling til alle dei punkta/opplysninga fylkeskommunen etterspør i *standardisert legeattest*.

Legeattest blir fylt ut av legen til eleven eller behandlende psykolog/psykiater.

Det krevst i utgangspunktet ny/oppdatert legeattest kvart år for kvar enkelt elev.

Dersom legeattest manglar, kan dette medføra at søknaden blir avslått eller ikkje blir behandla før nødvendig dokumentasjon ligg føre.

Legeattest må vedleggjast både for elevar med varig funksjonshemmning og for elevar med mellombels skade/sjukdom.

Elev/føresette kan levera ferdig utfylte/signert/stempbla legeattest på skulen eller senda han til:

Telemark fylkeskommune

Postboks 2844

3702 Skien